



Statsforvaltaren i Vestland

## Informasjon til søkjar

# SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



## Innhald

Samtykke frå grunneigar og handsaming hos ulike styresmaktar .....	3
Søknad.....	3
Sakshandsamingsgebyr .....	3
Statforvaltaren sin saksgang for tiltak på/i sjøbotn .....	4
Statforvaltaren sin praksis .....	4
Generell vurdering av søknaden.....	4
Forureining .....	4
Naturverdiar .....	4
Vassforskrifta.....	5
Lovgrunnlag .....	5
Rettleiarar og standardar .....	6

Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt for tiltak som involverer mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag.

Mudring vil seie uttak eller flytting av massar frå botn i sjø og vassdrag [mudder, sand, stein, fast fjell (undervasssprenging) mv.].

Mudring og dumping frå skip krev løyve, jf. forureiningsforskrifta kapittel 22.

Mudring frå land og utfylling i sjø og vassdrag vil kunne utløyse krav om løyve etter forureiningslova. Ta kontakt med Statsforvaltaren ved behov for avklaring.

### **Samtykke frå grunneigar og handsaming hos ulike styresmaktar**

Eigedomsgrenser i sjø må avklarast og aktuelle grunneigarar må gje samtykke til tiltaket. Tiltak på eller i sjøbotn er omfatta av fleire lovverk og krev vurdering av ulike styresmaktar:

- a. *Plan- og bygningslova*: kommunen.
- b. *Hamne- og farvasslova*: Kystverket og/eller kommunen sitt havnevesen.
- c. *Kulturminnelova*: Bergens Sjøfartsmuseum
- d. *Forureiningslova*: Statsforvaltaren.

For ein ryddig saksgang vil Statsforvaltaren etterspøre løyve/vurdering frå kommunen og grunneigar dersom det ikkje er vedlagt søknaden.

### **Søknad**

Søknad om løyve etter forureiningsregelverket sendes med vedlegg til Statsforvaltaren. Søknadsskjema og rettleiing for mudre-, dumpe- og/eller utfyllingstiltak finnes på våre nettsider:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Søknadsskjemaet er ikkje egna for tiltak for opprydding av forureina sjøbotn. For desse tiltaka vert det krevd eigen søknad.

Det er søkjars ansvar å skaffe til veie nødvendige opplysningar, slik at Statsforvaltaren kan vurdere om løyve bør gis, og kva for vilkår som skal bli sett.

### **Sakshandsamingsgebyr**

Handsaming av søknader om løyve etter forureiningsregelverket er gebyrbelagt. Gebyrstørrelsen følgjer av satsar i forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyrsats skal gjenspeile ressursbruken for å handsame søknaden.

## Statforvaltaren sin saksgang for tiltak på/i sjøbotn

1. Statsforvaltaren mottar søknad med vedlegg.
2. Statsforvaltaren kontrollerer at søknaden er fullstendig og etterspør eventuelt meir informasjon.
3. Tiltaket blir førehandsvarsla av Statsforvaltaren til sakens parter, berørte offentlege organ og myndigheiter, organisasjonar som varetek ålmenne interesser, og andre som kan bli særlig berørt. Alle søknader vert sendt på høyring til Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget vest eller Sogn og Fjordane fiskarlag. Ved behov kan søknaden også bli sendt på høyring til ålmenta. Frist for fråsegn er fire veker. Samtidig som søknaden blir førehandsvarsla vil varsel om gebyr for sakshandsaming bli sendt tiltakshavar.
4. Statsforvaltaren sender eventuelle fråsegn til tiltakshavar med kort tilbakemeldingsfrist.
5. Statsforvaltaren vurderer saken og fattar vedtak om løyve eller avslår søknaden. Eit eventuelt løyve blir gitt med tilhøyrande vilkår. Vedtaket blir distribuert til sakens partar, normalt samanfallande med mottakarar av førehandsvarslinga. Gebyret blir også vedtatt på dette tidspunktet, og blir kravd inn uavhengig av utfallet til vedtaket.
6. Saken sine partar kan klage på vedtaket innan tre veker.

Sakshandsamingstid avheng av sakas kompleksitet og anna saksmengde hos Statsforvaltaren, og er normalt ein til to månader etter høyring.

## Statforvaltaren sin praksis

### Generell vurdering av søknaden

Søknaden blir vurdert etter forureiningslova og/eller forureiningsforskrifta. Av dette regelverket følgjer også at vurderingar skal vere gjort etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Ved vurdering av saka legg Statsforvaltaren vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket, sett saman med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

- *Forureiningsmessige ulemper:* i denne type sakar blir det som oftast rekna som tiltaket sitt potensiale for tilførsel og spreiding av forureining. Begrepet forureining omfattar også tilførsel og spreiding av reine partiklar som muddermassar, steinstøv, sand og grus. Støy, rystelsar og lys kan også vere forureining.
- *Fordelar og ulemper elles:* omgrepa omfattar aspekt utover det forureiningsmessige. Dette kan omfatte samfunnsnyttan, sikkerheit, framkomelegheit, tilgjenge, påverknad på natur og/eller private interesser.

### Forureining

Statsforvaltaren vurderer forureiningssituasjonen i tiltaksområdet basert på dokumentasjon vedlagt søknaden og kjend kunnskap om området. Forureiningssituasjonen i sjøbotn set normalt føringar for metodeval, disponeringsløyvingar for overskotsmasser/avfall, og vilkår elles i løyve. Ved grunn til mistanke om forureining utover framlagt dokumentasjon, kan Statsforvaltaren krev ytterlegare prøvar/analysar.

### Naturverdiar

Naturverdiar i og ved tiltaksområdet må blir gjort greie for i rimeleg grad for at Statsforvaltaren skal kunne vurdere saka etter naturmangfaldlova. Miljødirektoratet sin kartteneste Naturbase (<https://kart.naturbase.no/>) gjer oversikt over dei fleste registrerte naturverdiar. Statsforvaltaren er særleg restriktiv med å gje løyve til tiltak i/ved områder der det er registrert naturtypar av viktig (verdikode B) eller svært viktig (A) verdi. Fleire naturverdiar innanfor eit område, også av lågare verdikode, auke området sitt samla naturverdi.

I våre løyve set vi vilkår for tiltaket for å redusere forureining og negative konsekvenser for mellom anna fiskeri. Statsforvaltaren legg stor vekt på uttaler som vi mottar fra Fiskeridirektoratet og Fiskarlag, når vi set vilkår for utføring av anleggsarbeida. Statsforvaltaren nyttar diverse databaser og kartverk bl.a. Kystinfo, Fylkesatlas, Yggdrasil ofl., for å skaffe oversikt over registrerte fiskeriinteresser nær anleggsstadene.

Dersom kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, kan Statsforvaltaren krevje innhenting av ytterlegare informasjon. Statsforvaltaren legg stor vekt på tiltakets verknad på natur og miljø, og tiltakshavar bør avgrensa/tilpasse tiltaket slik at negative effektar blir så små som mogeleg. Tiltak som har følgjer for intakt sjøbotn (førstegongstiltak) blir vurdert strengare enn tiltak som gjeld allereie påverka sjøbotn (vedlikehaldstiltak). Statsforvaltaren kan krevje at skadereduserande tiltak og best tilgjengeleg teknologi blir nytta. Slike tilpassingar tar tiltakshavar kostnaden for.

### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta set krav om, og tidsfrist for, god kjemisk og økologisk tilstand i Noreg sine vassførekomstar. Statsforvaltaren vurderer tiltaket sitt potensiale for kjemisk og økologisk svekking av vassførekomsten, og vil normalt ikkje tillate tiltak som blir rekna å føre til slik svekking. Informasjon om vassførekomsten si tilstand kan ein finne i kartløyninga på [vann-nett.no/portal](http://vann-nett.no/portal).

### **Lovgrunnlag**

#### **Forureiningslova**

*§ 11<sup>1</sup>: Forureiningsmyndigheten kan etter søknad gi tillatelse til virksomhet som kan medføre forurensning. [...].*

*§ 16<sup>2</sup>: I tillatelse etter loven eller forskrift i medhold av loven kan det settes nærmere vilkår for å motvirke at forurensning fører til skader eller ulemper [...].*

*§ 32<sup>3</sup>: Den som produserer næringsavfall, skal sørge for at avfallet blir brakt til lovlig avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning, slik at det enten opphører å være avfall eller på annen måte kommer til nytte ved å erstatte materialer som ellers ville blitt brukt. [...]. Forurensningsmyndigheten kan i særlige tilfeller gjøre unntak [...].*

#### **Forureiningsforskrifta kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag.**

*§ 22-3<sup>4</sup>: Mudring er forbudt, unntatt når tillatelse er gitt i medhold av § 22-6.*

*§ 22-4: Dumping er forbudt, det kan likevel gis tillatelse i medhold av § 22-6 [...].*

*§ 22-6: Fylkesmannen kan gi tillatelse til mudring, samt dumping [...]. Søknad om tillatelse til mudring, dumping eller plassering av materiale skal inneholde de opplysninger som er nødvendig for å vurdere om tillatelse bør gis og hvilke vilkår som skal settes [...].*

*§ 22-9: Fylkesmannen [...] fører tilsyn med gjennomføringen av bestemmelsene i dette kapitlet eller vedtak truffet i medhold av disse bestemmelsene.*

#### **Forureiningsforskrifta kapittel 36. Behandling av løyve etter forureiningslova.**

Kapittel 36<sup>5</sup> inneheld reglar for bl.a. søknaden sitt innhald, førehandsvarsling og høyring. Paragrafane 36-5 til 36-8 seier at saka sine partar og andre særleg aktuelle partar skal bli førehandsvarsla før styresmakta treff vedtak. Førehandsvarsel kan bli unnlat av Statsforvaltaren, heilt eller delvis, dersom føresetnadene gitt av § 36-9 blir vurdert som oppfylt.

#### **Forureiningsforskrifta kapittel 39. Gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.**

Kapittel 39<sup>6</sup> set reglar for sakshandsamingsgebyr, tilsynsgebyr og storleiken på desse.

---

<sup>1</sup> [Forurensningsloven §11](#)

<sup>2</sup> [Forurensningsloven §16](#)

<sup>3</sup> [Forurensningsloven §32](#)

<sup>4</sup> [Forurensningsforskriften §22](#)

<sup>5</sup> [Forurensningsforskriften §36](#)

<sup>6</sup> [Forurensningsforskriften §39](#)

## Rettleiarar og standardar

- M-608 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota – revidert 30.10.2020», Miljødirektoratet 2020<sup>7</sup>
- M-350 «Håndtering av sedimenter – revidert 25. mai 2018» Miljødirektoratet 2018<sup>8</sup>
- M-409 «Risikovurdering av forurenset sediment» Miljødirektoratet 2015<sup>9</sup>
- NS-EN ISO 5667 Vannundersøkelse – Prøvetaking – Del 19: Veiledning i sedimentprøvetaking i marine områder (ISO 5667-19:2004<sup>10</sup>)

---

<sup>7</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M608/M608.pdf>

<sup>8</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m350/m350.pdf>

<sup>9</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m409/m409.pdf>

<sup>10</sup> <https://www.standard.no/NS-EN/ISO5667-19:2004>

**STATSFORVALTAREN I VESTLAND**

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no) ||  
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

